

Samfundsmøte

10. april 2010

Kampen om Europa

Beslutningsprotokoll



1. Møtet er satt

2. Styreprotokoll

Dagsorden vart godkjent.

3. Politisk femminutt

Eivind Rindal holdt innlegg om Ungarn.

Bjørn Torkel Dahl holdt innlegg om å auke studiefinansiering. Det som Trondheim treng, er billige studentboligar.

4. Historisk femminutt

Rolf Magne Nyland fortalte om krigen, spesielt rundt 9. april 1940, og om Studentersamfundet i Trondhjem sin rolle ifm krigen.

5. Kunstnerisk ved NTNUI Dans

NTNUI Dans gav oss inspirerende danseshow.

6. Innledning ved Paal Frisvold

Paal Frisvold, leiar av Europabevegelsen, holdt eit innlegg om kvifor me skal bli med i EU. Me er strengt talt medlemmar no også, men me har ikkje stemmerett. Eit døme – dess meir me er i mot datalagringsdirektivet, dess meir viser dette at me bør vera med i EU. Dette for å ta opp kampen der. Me er med i ein boksekamp med hendene bundne på ryggen.

7. Innledning ved Heming Olausen

Leiar for "Nei til EU" Heming Olausen holdt ei innleiing om kvifor me ikkje skal bli med i EU. EU er eit mangehovud troll / union som Noreg bør halde seg utanfor. Det er langt til Oslo, men lengre til Brüssel. 93,5 % av EU sine lover har ingen innflytelse på Noreg i dag. For Tyskland er det 75 %. Me må halde oss utanfor.

8. Debatt

Leiv-Erik Ødegaard leia debatten før pause. Problemstillinga her var EU og demokrati.

9. Pause

10. Debatt

Bjørn Torkel Dahl: Tok kontakt med Russland i staden for EU fordi me veit ikkje kven me skal kontakte i EU. Og; Står me ikkje sterkare ifm datalagring dersom me seier nei?

Ingeborg Kraft: Viktig å vera med i EU pga handelsavtalar. Er det ikkje fare for å prioritere importering frå EU-land i staden for frå fattige land i Europa som treng det meir?

Kristoffer Auran: Er det solidarisk å halde vår formue for oss sjølve?

Replikk Bjørn Torkel Dahl: EU forsvinnande liten del av verda. Me binder oss sjølv til å handle.

Eivind Rindal: Sjå på Hellas. Kvar kan me finne grunn for å innføre felles valuta?

Replikk Eivind Rindal: Nemn ein norsk samfunnsøkonom som er for innføring av euro.

Ole Nikolai: Framtida til EU – snart parlamentsval i Storbritannia. Det kan skje at dei får folkeavstemning for å gå ut av EU?

Belma Talic: Ingen krigar sidan 1945 i Europa. Jo, det har det. Bosnia. I kva stor grad hjalp EU til der?

Replikk Ole: Kor mange medlemmar har "Nei til EU" og "Europabevegelsen"?

Lise Lotte Strand: Korleis kunne Noreg ha klart å stoppe datalagringsdirektivet i EU? Det er stor motstand mot det i Europa, men framleis innført.

11. Eventuelt

Eivind Rindal: Valurnene for NTNU-styret opnar måndag kl 08.00. Torsdag og måndag kl 14.15 kan ein bli kjent med debattantane på hhv Dragvoll og Gløshaugen.

Alexander Stenerud: Søndag 18. april er det Bydagen for de eldre. Møt opp kl 13.00 på Samfundet.

Ridderskapet: Det er Det Sorte Faars Ridderskap promosjon neste laurdag kl 19.00.

Kine Karlsen: ISFiT har opptak, sjekk ut www.isfit.org.

Eirik Vikum: Studentenes Fredspris har nominasjonsfrist 15. april.

12. Kritikk av møtet

Bjørn Torkel Dahl: Ros til styret for bra debatt og debattantar. Kunne ha snevra problemsstillinga litt inn.

13. Møtet er heva